


Sauland Kraftverk


- Melding med forslag til utgreiingsprogram



Skagerak
Energi

Denne brosjyren er ein kortversjon av førehandsmeldinga for Sauland kraftverk som er sendt til styresmaktene for handsaming.
Føremålet er at omsynet til miljø, naturressursar og samfunn vert veklagt når det vert teke stilling til om og korleis tiltaket kan gjennomførast.





Bakgrunn

Skagerak Kraft AS vil med dette gjera kjend at det er starta planlegging av eit nytt kraftverk som gjer seg nytte av vasskrafa i Hjartdøla og Skogsåa.

Utbyggingsområdet ligg i Hjartdal kommune. Om lag 2,5 km av Skogsåa grensar mot Notodden kommune.

Utbyggar ynskjer å samarbeida med dei som kjem i kontakt med utbygginga, kommunen og andre interesserte, slik at tilhøve som kan ha noko å seia for den vidare planlegginga og utgreiinga kjem fram og kan takast omsyn til.

Meldinga og forslag til utgreiingsprogram er utarbeida etter reglane om konsekvensutgreiingar i plan- og bygningslova.

Føremålet er at omsynet til miljø, naturressursar og samfunn vert teke med i førebuinga av tiltaket, og når det vert teke stilling til om og korleis tiltaket kan gjennomførast. Denne brosjyren er ein kortversjon av meldinga som er sendt til styresmaktene for formell handsaming.

Utbygginga av Hjartdals- og Tuddalsvassdraget starta på 50-tallet. Kraftressursane vert i dag utnytta i Hjartdøla, Bjordalen og Mydalen kraftverk som vart tekne i bruk i perioden 1958 til 1961. Samla midlare kraftproduksjon er på ca. 520 GWh.


Utbyggar

Skagerak Kraft AS er hovudansvarleg for planlegginga av Sauland kraftverk. Selskapet er eigd av Skagerak Energi AS. Statkraft Regional Holding AS eig 66,62 % og Grenlandskommunane Skien, Porsgrunn og Bamble eig 33,38 % av Skagerak Energi AS. Selskapet vart skipa i 2001 gjennom ein fusjon mellom Skiensfjordens kommunale kraftselskap AS og Vestfold Kraft AS. Skagerak har ein årleg kraftproduksjon på ca. 5 TWh frå 45 heil- og deleigde kraftstasjonar. Skagerak har hovudsete i Porsgrunn.

Skagerak har ein avtale med Notodden Energi AS og Tinfos AS om utbygging av Sauland kraftverk. Notodden Energi AS, som eig fallrettar i Omnesfossen, er eit lokalt nettselskap eigd av Notodden kommune. Tinfos AS er eit industrikonsern med hovudsete på Notodden. Dei brukar om lag 1,5 TWh årleg, derav ca. 1,2 TWh er eigenproduksjon. Innanfor rammene til m.a. gjeldande heimfallsreglar, er det opna opp for at grunneigarar som ynskjer det kan bli medeigarar i kraftverket.



**Skagerak
Energi**



Utbyggingsplanane

Sauland kraftverk vil nyitta fallressursane i Hjartdøla og Skogsåa, i frå inn-taka i Hjartsjå og Sønderlandsvatn til avlaupet eit stykke nedanfor Omnesfossen. Kraftverket vil verta bygd med to separate maskinar i same stasjon. Anlegget som nyttar fallet i Hjartdøla vil få namnet Sauland I, medan anlegget som nyttar fallet i Skogsåa vil få namnet Sauland II.

I tillegg til Hjartdøla vil Vesleåa/Kjempa bli teke inn på Sauland I. Grovaråa, Vesleåa, Uppstigåa, Rodalsløken og Skorva vil bli teke inn på Sauland II.

Hovudanlegga til Sauland kraftverk vil verta:

- Ein kraftstasjonen, plassert i fjell nord for Skårnes, med samla midlare årsproduksjon på om lag 216 GWh, tilsvarande årsforbruket til i overkant av 10 000 husstandar.
- Ca 28 km tunnelar, derav tillauptunnelar på ca 6,5 km frå Hjartsjå og ca 10,9 km frå Sønderlandsvatn og ein avlaupstunnel på ca 8,4 km. Tilkomsttunnelen til kraftstasjonen vert ca 1 km, i tillegg kjem tverrslag på til saman i overkant av 1 km.
- Eit 132 kV koplingsanlegg og ein ca 500 meter lang 132 kV kraftleidning.
- Korte vegstubar fram til dei ulike driftstadane og tilkomsttunnelen til kraftverket.

Det vert etablert midlertidige tippar ved dei ulike driftstadane.

Bygdevegar som vert brukt i anleggsfasen eller til drift av kraftverket vil få naudsynt oppgradering. Eksisterande grustak ved Ørvella kan nyttast til foredling og lagring av tunnelmassane før bruk til ulike allmennytige formål som t.d. vegbygging, asfalt, betong og anna.

Samla plan og alternative utbyggingsløysingar

Samla plan er ei vurdering styresmaktene har gjort av mogelege utbyggingsprosjekt basert på konfliktgrad i forhold til ulike brukarinteresser og økonomi. Utbyggingsprosjekta med lågast kostnad og konfliktgrad er det mogeleg å søka konsesjon for.

Ei rekke prosjekt i området er tidlegare vurdert i Samla plan, bl.a. separate utbyggingsarbeid av Skogsåa, Omnesfossen og Hanfoss. Skiensfjordens kommunale kraftselskap la fram ei melding for Skogsåa kraftverk i 1989. Prosjektet vart lagt på is då planane for Sauland kraftverk vart lansert midt på nittitalet.

Lokale grunneigarar la fram ein konseksjonssøknad for ei separat utbygging av Hanfoss i 2005. NVE la søknaden på vent i påvente av den vidare handsaminga av Sauland kraftverk.

Sauland kraftverk er ikkje handsama i Samla plan. For å få lov til å leggja fram ein konsesjonssøknad søkte Skagerak styresmaktene om fritak frå Samla plan. Søknaden vart godteken våren 2007. Hanfoss II, dvs. ei utbygging som nyttar fallet frå Hjartsjå til nedstraums Hanfoss, fekk fritak frå Samla plan samstundes. Hanfoss II er fremja av Hanfoss Kraftverk BA.



Verknader ved utbygginga

Dei negative konsekvensane ved utbygging av Sauland kraftverk er i hovudsak knytt til redusert vassføring på dei elvestrekningane som inngår i utbygginga. Vassføringsendringar og mogelege avbøtande tiltak vil difor vera eit hovudtema for dei komande konsekvensutgreiingane. I Hjartdøla vil vassføringsendringane vera mest merkbare om vinteren. Redusert vassføring vil gje mindre frostrøyk og rim. Om sommaren og i periodar når Hjartdøla kraftverk har liten produksjon, vil vassføringsreduksjonen i Hjartdøla vanlegvis vera mindre. Krava til minstevassføring vil sikra at lavvassføringa i Skogså og Hjartdøla ikkje vert nemneverdig endra.

Årleg middelvassføring ved Omnesfossen er ca $21 \text{ m}^3/\text{s}$, derav ca $1,1 \text{ m}^3/\text{s}$ er overført frå Heiåi (Seljordsvassdraget). Om lag 25 % av tilsiget vil framleis vera uregulert, og årleg middelvassføring vil verta ca $5,2 \text{ m}^3/\text{s}$ etter utbygging av Sauland kraftverk. Begge Vassdraga vil altså framleis få ei betydeleg restvassføring.

Produksjonen i Sauland I, Hjartdølagreina, vil i stor grad følgja produksjonsmønsteret til Hjartdøla kraftverk. Sauland II, Skogsåagreina, vil ha det meste av produksjonen i periodar med mykje nedbør eller snøsmelting. Sauland II vil i relativt store delar av året ikkje produsera straum som følgje av lite tilsig.

Planlagde reguleringar av Hjartsjå og Sønderlandsvatn har som føremål å utjamna korttidsvariasjonane i tilsiget. Reguleringa av vatna vil baserast på eksisterande vasstandsvariasjonar. Det vil ikkje vera naudsynt å byggja nye demningar, utover noko ombygging av eksisterande anlegg.

Den om lag 500 meter lange kraftleidningen, mellom tilkomsttunnelen og eksisterande 132 kV leidning, vil verta det mest synlege resultatet av utbygginga.


I anleggsfasen vil transport og handtering av tunnelstein vera den mest merkbare konsekvensen.

Utbygginga vil ikkje omfatta områder som er verna. Utbygginga vil i all hovudsak liggja heilt opp til eksisterande, vegar, kraftleidningar og andre tekniske inngrep.



Avbøtande tiltak

Utbygginga vil i all hovudsak liggja heilt opp til eksisterande, vegar, kraftleidningar og andre tekniske inngrep.



Bilete er manipulert og viser
Omnesfossen med terskel og ved
minstevassføring.

Skagerak vil vektlegga denne type tiltak. Dei mest aktuelle tiltaka slik Skagerak ser det no er:

- Minstevannsføring
- Terskelbygging
- Tilrettelegging for friluftsliv og bading

Den vidare planlegginga av prosjektet vil avdekkja kva tiltak som vil gje størst og ønska nytteeffekt. Synspunkta til lokal-samfunnet vil bli vektlagt i dette arbeidet.

Minstevassføringsreglane Skagerak sjølv har fastlagt for Omnesfossen vil verta vidareført. Reglane inneber ei minstevassføring på $2,5 \text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren og $1 \text{ m}^3/\text{s}$ om vinteren. I Hjartdøla er det lagt til grunn ei minstevassføring frå Hjartsjå på $1 \text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren og $0,5 \text{ m}^3/\text{s}$ om vinteren. I Skogsåa er det lagt til grunn ei minstevassføring frå Sønderlandsvatn på $0,36 \text{ m}^3/\text{s}$ om sommaren og $0,1 \text{ m}^3/\text{s}$ om vinteren.

Minstevassføringa i Omnesfossen
er på $2,5 \text{ m}^3/\text{s}$, noko den og vil
vera etter utbygginga.



Årleg middelvassføring i
Omnesfossen etter ei utbygging
vil vera på om lag $5,2 \text{ m}^3/\text{s}$.

Grunngjeving for tiltaket

Sauland kraftverk vil gje ny kraft til ein rimeleg kostnad. Tiltaket vil betra utnyttinga av reguleringsmagasina som vart etablert ved utbygginga av Hjartdøla kraftverk. Utbygginga vil også gje eit viktig bidrag til kraftbalansen på austlandet og med det eit bidrag til landets totale kraftbalanse.

I forhold til alternative utbyggingsprosjekt, både lokalt og nasjonalt, gjev prosjektet etter Skagerak si vurdering mykje elektrisk kraft med relativt små negative konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn.

Prosjektet vil gje store samfunnmessige ringverknader i form av bl.a. auka aktivitetsnivå lokalt og auka inntekter til kommune, fylke og stat. Utbygginga vil også vera med på å sikra sysselsettinga i regionen og gje 2-3 arbeidsplassar. Utbygginga vil gje inntekter til involverte fall- og grunneigarar.

Redusert vassføring i Hjartdøla vil kunne redusera frostrøyken.

Omnesfossen vil etter utbygginga fortsatt vera eit imponerande skue i flaumperiodar.



Sakshandsaminga

Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE, handsamar utbyggingssaka for styresmaktene. Sakshandsaminga kan delast inn i tre fasar: Meldings-, utgreiings- og søkerfasen.

Fase I – Meldingsfasen

Det er fase I denne brosjyren gjev oversikt over. Utbyggjar gjev i meldinga greie for dei planane som føreligg og for kva konsekvensutgreiingar ein meiner er naudsynte. Formålet med meldinga er å informera om planane og å få tilbakemeldingar om tilhøve og konsekvensar som bør vurderast i den vidare planlegginga, og om moglege verknader og konsekvensar som bør takast med når det endelag programmet for konsekvensutgreiingane skal utformast.

Meldinga vert kunngjort i pressa og lagt ut til offentleg innsyn. Samstundes vert den sendt på høyring til sentrale og lokale forvaltningsorgan og aktuelle interesseorganisasjonar. Eventuelle merknader og innspel må sendast på skriftleg form innan ein frist på minst seks veker etter kunngjerdingsdato til:

**NVE – Konsesjon og tilsyn,
Postboks 5091 Majorstua, 0301 OSLO**

Med kopi til:

**Skagerak Kraft AS, Postboks 80,
3901 Porsgrunn.**

I høyringsperioden vil NVE arrangera eit ope møte der det vil verta orientert om saksgongen og om utbyggingsplanane. Tidspunkt og stad vil kunngjera i lokalavisene.

I fylge vassdragsreguleringslova kan grunneigarar, rettshavarar, kommunar og andre interesserte krevja at utgifter til juridisk og sakkunnig hjelpevert dekka av tiltakshavar i den grad det er rimeleg. Dersom ein ikkje vert einige om kva som er rimeleg kan saka leggast fram for NVE. Det vert oppmoda om at privatpersonar og organisasjonar med samanfallande interesser, samordnar sine krav og at kravet om dekning vert avklart med Skagerak på førehand.

Meldingsfasen vert avslutta med at NVE fastsett eit endeleg utgreiingsprogram for det vidare arbeidet.

Fase II – Utgreiingsfasen

I denne fasen vert konsekvensane utgreidd i samsvar med fastsett utgreiingsprogram, og dei teknisk/økonomiske planane utvikla vidare på bakgrunn av bl.a. innspel frå høyringa av meldinga og den informasjon som kjem fram gjennom utgreiingane.

Fase III – Søknadsfasen


Når planlegginga og utgreiingane er avslutta, vil konsesjonssøknaden med konsekvensutgreiingar verta sendt til Olje- og energidepartementet (OED) ved NVE, og vil då verta handsama etter særskilte reglar. Ein vil laga ein ny brosjyre der det vert orientert om den vidare saksgangen og dei endelege utbyggingsplanane. NVE vil senda søkeren og konsekvensutgreiinga ut på høyring. Det vil verta arrangert eit nytt ope møte.

Etter høyringsrunden vil NVE laga ei innstilling i saka som vert oversendt OED. Endelig vedtak i saka vert fatta av Kongen i Statsråd. Store eller særleg konfliktfylte saker vert lagt frem for Stortinget.

Spørsmål om sakshandsaminga kan rettast til NVE - Konsesjon og tilsyn ved:
**Eilif Brodkorb, tlf: 22 95 94 49,
e-post: emb@nve.no.**

Spørsmål om meldinga og dei tekniske planane kan rettast til Skagerak Kraft ved: **Bjarte Guddal, tlf: 906 18 687,
e-post: bjarte.guddal@skagerakenergi.no**

**Lars Søfteland, tlf: 975 04 772, e-post:
lars.softeland@skagerakenergi.no.**





Informasjon og medverknad


Medverknad i planlegginga frå folk som er kjend og har kunnskapar om dei aktuelle områda er viktig for å få til best mogeleg løysingar. Vi tar gjerne imot råd og tips om kva tilhøve som er viktig å ha fokus på i planlegginga og om det er naudsynt med spesielle avbøtande tiltak.

I tillegg til dei opne møta i meldings- og søknadsfasen i regi av NVE, vil Skagerak legga vekt på å ha eit godt samarbeid med dei som bur i området. Skagerak vil gjennom synfaringar og møter med grunneigarane, Hjartdal kommune og regionale styresmakter utveksla informasjon og drøfta avbøtande tiltak og alternative løysingar for gjennomføringa.


Planlagt fremdrift Sauland Kraftverk



Alternative utbyggingsløysningar



Det skal lagast ei overordna samanlikning med tanke på bl.a. ressursutnytting, økonomi og miljøverknader av aktuelle alternative utbyggingsløysningar i området. Alternative inntaksløysningar i Skorva skal utgreiast.



Tegnforklaring:

- Hovedveger
- Tunnel
- Inntak
- Kraftstasjon i fjell
- Tverrlag

1
0 2 3 km



Reduserer ikkje inngrepsfrie områder



Sauland-utbygginga vil ikkje redusera omfanget av inngrepsfrie naturområde, såkalla INON. INON er definert som område som ligg meir enn ein kilometer

frå tyngre, tekniske inngrep som for eksempel vegar eller kraftledningar. På kartet er desse områda vist med mørk grønt.

Forslag til utgreiingsprogram

Konsekvensutgreiingane skal vera vedtaksrelevante for dei løyva som skal gjevast, og dei vilkåra som vert stilte for gjennomføringa av utbyggingsplanane. Utgreiingane skal gjera greie for verkna-dene ved utbygginga. Det skal og vurderast avbøtande tiltak. Nedanfor er hovud-trekka i Skagerak sitt forslag til utgreiingsprogram gjengjeve. Endeleg konsekvensutgreiings-program vil NVE fastsetja etter at meldinga, med for-slag til utgreiingsprogram, har vore ute på høyring.

Hydrologi

Vassføringstilhøva i elvane etter utbygging skal simulerast og samanliknast med dagens situasjon. Det skal takast biletet av hovudvassdraga ved ulik og talfesta vassføring. Planlagd driftsvassføring gjennom kraftverket skal skildrast. Verknadene av ulike minstevassførings-slepp i Hjartdøla og Skogsåa skal vurde-rast.

Verknadene for fylgjande forhold skal omtalast og vurderast:

- Flom
- Erosjon og sedimenttransport
- Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima
- Grunnvatn og vassforsyning
- Forureining og vasskvalitet

Landskap og kulturmiljø

Dei landskapsmessige verknadene av inntaka og avlaupet frå kraftstasjonen skal visualiserast og omtalast.

Konsekvensane ved redusert vassføring, tippar, massedeponi, vegar og kraftleid-ninga skal illustrerast og utgriast.

Kulturhistorie

Aktuelle område skal synfarast og vurde-rast i forhold til automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Verdien av kulturminna skal vurderast, og konsekvensane utgriast.

Naturmiljø og biologisk mangfold

Eksisterande kunnskap om området skal samlast og systematisert, i tillegg til fagundersøkingane som vil verta gjort i sam-band med prosjektet. Det skal lagast ei samla vurdering av konsekvensane av ei utbygging for det biologiske mangfaldet i og langs vassdraga, med særleg vekt på truga og sårbarer artar. Fylgjande fagtema er aktuelle:

- Flora og vegetasjon
- Vilt
- Ferskvassøkologi og fisk

Naturressursar

Konsekvensane ved utbygginga for jord- og skogbruket skal utgriast. Det skal gjerast ei vurdering av om, og i så fall korleis, eksisterande masse- og mineral-ressursar vert råka av utbygginga.


Samfunn

Konsekvensane for fylgjande tema vil verta vurdert:

- Næringsliv og sysselsetting
- Kommunal økonomi og lokal verdiskaping
- Lokal og nasjonal kraftoppdekking
- Helse
- Friluftsliv og reiseliv
- Jakt og fiske

Andre forhold

Utgreiingane vil omfatta både drifts- og anleggsfasen. Avbøtande tiltak vert vurderet og utgriidd under kvart einskild fag-tema. Kraftleidningar, vegar, tippar og transport er omfatta av utgreiingskrava. Konsekvensutgriinga vil innehalde illustrasjoner og kartutsnitt som viser all naudsint arealbruk.



Sauland Kraftverk gjev etter Skagerak si vurdering mykje elektrisk kraft med relativt små negativer konsekvensar.

Bilete frå øvre del av
Omnesfossen og Heddal mølle
ved ny middelvassføring på om
lag $5,2 \text{ m}^3/\text{s}$.

Skagerak Kraft AS
Postboks 80, 3901 Porsgrunn

Telefon: 35 93 50 00
www.skagerakenergi.no



Denne brosjyren er ein kortversjon av førehandsmeldinga for Sauland kraftverk som er sendt til styremaktene for handsaming. Føremålet er at omsynet til miljø, naturressursar og samfunn vert veklagt når det vert teke stilling til om og korleis tiltaket kan gjennomførast.

Spørsmål om sakshandsaminga kan rettast til NVE - Konsesjon og tilsyn ved:
Eilif Brodtkorb, tlf: 22 95 94 49, e-post: emb@nve.no.

Spørsmål om meldinga og dei tekniske planane kan rettast til Skagerak Kraft ved:
Bjarte Guddal, tlf: 906 18 687, e-post: bjarte.guddal@skagerakenergi.no

Lars Søfteland, tlf: 975 04 772, e-post: lars.softeland@skagerakenergi.no.